

UU 40/16 Tema for strategisak i februar møtet

Saksnr: 15/01339-3	Saksansvarlig: Veslemøy Hagen, <i>utdanningsdirektør</i>
Møtedag: 16.11.2016	Informasjonsansvarlig: Veslemøy Hagen, <i>utdanningsdirektør</i>

Kva saka gjeld

Utdanningsutvalet skal, i fylgje utvalet sitt årshjul, vedta tema for strategisak i møtet 15. februar.

Om saka

Utdanningsutvalet vedtok i sak 15/14, 26. mars 2014, årshjul for utvalet sitt arbeid. I årshjulet er det sett opp tre møte i vårsemesteret: februar, mars og mai. I fylgje årshjulet skal utvalet ha ei strategisak på dagsorden i marsmøtet.

Som utvalet er godt kjent med, er ny forskrift om tilsyn med studiekvalitet i høgare utdanning på høyring. tidleg 2017. NOKUT legg opp til at den vert fastsett på styremøtet 9. februar. Den nye forskrifta vil få stor innverknad på utvalet sitt arbeid frå og med 2017.

Utdanningsdirektøren har utnemnt ei arbeidsgruppe som, på grunnlag av forslag til ny studietilsynsforskrift, skal gå gjennom og laga forslag til revisjon av universitetet sine gjeldande retningslinjer for studieprogramarbeid, inkludert retningslinjer for akkreditering og etablering av studier og forslag til retningslinjer for evaluering/tilsyn med studier. Utdanningsdirektøren har bedt gruppa levera forslag til 31. januar.

Arbeidsgruppa skal også utarbeida framlegg til prosedyrar for desse retningslinjene og rapportera om dette arbeidet til utvalet sitt møte 5. april.

Sjølv om den nye forskrifta ikkje vil vera fastsett til den fyrste fristen som arbeidsgruppa har fått, er det gitt tydelege signal både frå Kunnskapsdepartementet og NOKUT om kva som vil verta vektlagt i krav til institusjonane sitt arbeid med kvalitet i utdanningane. Mellom anna skal institusjonane ha ein strategi for å sikra og utvikla utdanningskvalitet.

Utdanningsdirektøren, i samråd med prorektor, set også i gong eit arbeid med å greia ut og laga framlegg til ordning for merittering av undervising. Dette arbeidet er heilt i startfasen ved UiS, men er kome godt i gong ved andre institusjonar.

På denne bakgrunnen legg utdanningsdirektøren opp til at møtet 15. februar vert delt i to: 1) ordinære saker og 2) temadel. I del 1 skal det m.a. gjerast vedtak om årsrapport for 2016 og plan for 2017, og forslag til retningslinjer for studieprogramarbeid leggjast fram. Det vil ikkje i dette møtet verta gjort endeleg vedtak om retningslinjene. Det kan fyrst gjerast når fastsett forskrift ligg føre. Men utvalet vil få høve til å diskutera forslaga og gje innspel til vidare arbeid.

Til del 2 føreslår utdanningsdirektøren fylgjande tema: *Ny studietilsynsforskrift, utdanningskvalitet og kvalitetsstrategi ved UiS. Kva skal vera UiS sitt særpreg som utdanningsinstitusjon?* I denne delen føreslår utdanningsdirektøren eit fagleg innlegg om studentaktiv undervising og læring, ein del om UiS sin strategi for sikring og utvikling av utdanningskvalitet, ein del om meritterande undervising og ein oppsummerande del ut frå problemstillinga i tema.

Vidare føreslår utdanningsdirektøren at møtetida vert utvida til kl 14.00 og at læringsmiljøutvalet vert invitert til å delta i temadelen av møtet.

Utdanningsdirektøren legg saka fram til diskusjon i utvalet og ber om innspel til forslaget ovanfor, med fylgjande

Framlegg til vedtak:

Utdanningsutvalet støttar forslaget til tema og ber utdanningsdirektøren førebu møtet 15. februar, med dei innspela som kom fram i møtet.

Stavanger, 08.11.2016

Veslemøy Hagen
utdanningsdirektør

Saksbehandsamng: Eilef Johan Gard
seniorrådgjevar